

Fitjar Kyrkjeblad

nr. 3 — mai 2015 — 38. årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Kyrjekontoret

postboks 10,
5418 Fitjar

telefon: 53 45 85 00

fax: 53 45 85 31

e-post: kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tyrsdag - torsdag - fredag

kl.10:00 - 14:00

onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjevevje

Rydland, Harald 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest

Oma, Olav J. 906 38 825

olom@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog/kyrkjetenar

Brenne, Birgitte D. 971 29 569

bibr@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Soknerådsleiar:

Aarskog, Torunn 404 04 146

Soknerådsbarnehage Styrar

Aarskog, Torunn 404 04 146

kontor 53 22 26 00

bakken.barnehage@haugnett.no

Konfirmantlærarar

Nina & Johannes Olsen 913 61 574

niol@fitjar.kommune.no

Fitjar kyrkjeblad

kontonr. 3546. 30.13568

Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

Minste felles multiplum



Den gang du vart døypt, vart du døypt til å høyra til i eit fellesskap. Eit fellesskap av døypte, det er kanskje kyrkja sitt minste felles multiplum, dvs. eit lite område der alle kyrkja sine medlemmer er like.

Olav J. Oma

Kan vi sei noko meir? Er kyrkja ei forsamling av menneske som meiner det same? Må du vera einig med bispemøte si uttale om oljeutvinning? Ser kyrkja sine medlemmer likt på bruk av alkohol, sex, barneoppseding, fordeling av midlar til skule og sjukehus, kommunesamanslåing? Likar alle gudsteneste og morgonandakt på radioen? Er kristne mot likestilling? Har alle slutta å røyke, og begynt å springa, er det nokon som bannar? Meiner dei at jorda vart skapt på sju dagar?

Trur du kristne er einige i desse spørsmåla?

Av og til kan ein få inntrykk av at nokon tenkjer slik om meg og andre som trur, - at kristne er menneske som meiner og står for det same politisk, moralsk og religiøst. Dei er gamalmidige og strenge.

Men det veit eg, at kristne er like ulike, og like like, som andre menneske. Kyrkja er ikkje, og kan ikkje, og skal ikkje vera, eit meiningsfellesskap. Då må den vera eit tyranni, med meinings- og livskontroll av medlemmene.

Kyrkja er eit trusfellesskap. Eit fellesskap der vi er saman om å vedkjennast trua på Jesus Kristus, Guds einborne son. Slik har det vore, og slik er det. Då Paulus samanfatta trua vår sa han at "Kristus døydde for syndene våre... han vart gravlagd ... han stod opp att tredje dagen, som skriftene har sagt,"(1. Kor 15,3f). Det er det som sameinar kyrkja.

Då du vart døypt vart du ikkje døypt til ein meiningsfellesskap, men til eit trusfellesskap. Eit trusfellesskap av menneske av alle rasar, frå alle land og stader, med ulike meiningar, men sameinte i trua på han, som gav seg sjølv for oss.

Så er eit anna felles multiplum i kyrkja, at kyrkja er ei forsamling av menneske som trur på Jesus, og at der fins forlating for synd. Det trur eg vi må vere einige om i kyrkja. Utover det, er det mykje vi ikkje treng vera heilt samstemde i.

Min salme

Salmen denne gongen kjem frå vertinna på Kafeen i Larsen-bygget, Neringa Jusciene. Neringa er frå Litauen og er katolikk, og svara straks ja då me spurde om ho ville bidra med ein salme til Kyrkjebladet. Litauen har ikkje statskyrkje, men den romersk-katolske kyrkja har størst oppslutnad. Ho skulle så gjerne ha skrive salmen på norsk, men i staden gav ho oss tittelen på litauisk, slik at me kan gå inn på You tube og høyra salmen.

T: Karvel Strømme, F: Torbjørn Hovland

Ho skriv:

Denne salmen eller hymnen er laga i samband med markering av "Litauisk ungdomsdag", og han heiter : **"Eg kallar dykk vener"**, eller på litauisk : **"Jus as' draugais vadinu"**.

Salmen er laga av Vita Liaudanskaite-Vaitkeviciene. Salmen blei så populær at han etter kvart ikkje berre blei "Ungdomsdagens salme", men ein salme som alltid blir sunge i litauiske kyrkjer, og du kan høyra han på You tube.

Salmen begynner med ordene:

"Hald meg, Jesus, om skuldrene mine, og gje meg din nåde. Eg vil følgja deg, og eg vil leva i din kjærleik."



Denne salmen likar eg godt, for den er ungdommeleg, og den kan vera med på å dra ungdommen til kyrkja.

Helsing Neringa Jusciene

*Galleri
Flora as*



Opningstider:
Måndag - onsdag 09.00 - 16.30
Torsdag - fredag 09.00 - 18.00
Laurdag 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum
Tlf. 53 49 95 00

Blomster - Gaver - Gravminner

Redaksjonelt

"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt
informasjonsblad.

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset
postboks 10, 5418 Fitjar

Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)
Karvel Strømme
Torill Hartvedt
Anne Hardeland
Rolf-Atle Rolfnes
Torbjørn Hovland

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet
gir høve til skattefradrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 5. juni.
til kyrkja@fitjar.kommune.no**

Neste blad

kjem etter planen 17. juni. Har du tips, stoff eller bilete til
bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Trykk: Prosjektkopi vest

Strålende festkonsert i kyrkja 26. mars



Også naturen spelte på lag då me denne vakre, varme vårkvelden vandra til kyrkja for å få oppleve fire dyktige musikarar i spennande kombinasjon. Den eine perla frå musikkhistoria etter den andre kom trillande, framført på ein gjennomført musikalsk måte og med høg kunstnerisk kvalitet. Det nye pianoet fekk koma til sin rett gjennom vår eiga Irene Simonsen sine kyndige hender og vakre, og våre samspel.

T: Anne Hardeland - F: Torbjørn Hovland

Konserten starta med ein roleg, stemningsfull sats frå dei svenske skogane, av Lars Erik Larson, tolka av Tone Christin Lium Røssland på trombone, der også Irene fekk visa sin virtuositet på pianoakkompagnementet. Det var tydeleg frå første stund at dei begge beherska sitt instrument og fekk oss til å leva med.

Så tok Veslemøy Fluge Berg over med ein avdeling nasjonalromantisk musikk, noko som var midt i blinken denne kvelden. Me fekk «Vårsøgg», «Sommernatt ved fjorden» og ein glitrande versjon av «Solveigs sang», der hennar fyldige sopran, tok oss til dei store høgdene med klokkeklåre trillar.

Den norsk-islandske operasongaren vår, Runar Thor Gudmundsson, inviterte oss med på ei musikalsk reise gjennom norsk og islandsk kultur. Songen «En svane» hadde han brukt for å læra seg norsk i si tid. Hans mektige tenor klang godt i samspel med Irene.

Irene sitt einaste solistinnslag, «Hjemlængsel» av Edv. Grieg, var vemodig vakkert. Det var klårt gjennomlyste klangar kombinert med tunge tankar og brusande vårbekker. Me skulle gjerne høyrte meir av henne åleine også, og vonar ho kjem snart attende med musikken sin.

Alle fire var med i ein nydeleg versjon av «Pie Jesu», der Veslemøy si krystallklåre røyst kom godt fram i duett med Runar Thor. Han gav oss også ein praktfull tolkning av «You raise me up». Under heile konserten følgde Irene solistane på ein lydhør, innlevande måte, og i mellomspela fekk ho imponera med sin musikalitet.

Etter å ha vore innom gospel-sound med Veslemøy, i «Amazing Grace», med svingande jazzakkompagnement der dynamikk, rytme og høge tonar reiv oss med, fekk me igjen Tone på trombone, med ein vemodig «Song til Lotta». Vakkert.

Turen gjekk så til Italia der Runar Thor tok oss med storm med si framføring av den kjende «Nessun dorma» frå Turandot av Puccini. Her fekk han bruka si stemmeprakt og sitt operatalent til fulle. Det var tilløp til ovasjonar i salen! Også Irene fekk her ta i bruk pianoet med all sin styrke. «O, sole mio» fekk ein nydeleg mjuk klang i tillegg. I «Mio babbino caro» fekk Veslemøy leikande lett fram den varme kjærleiken til sin «pappa» som songen krev.

Som avslutning på denne festkvelden framførte heile ensemblet «Vilja-songen» og «Enkevalsen» frå «Den glade enke». Her kom kommunikasjonen mellom dei fire godt fram. Igjen vart me imponert over korleis dei hadde kontroll på røysta i alle toneleie. Og på toppen av det heile fekk me eit lite tablå, med dans til enkevalsen, av dei to songarane, med både trombone og piano som følgje. Ikkje rart at publikum takka med ståande applaus!

Dei fire kunstnarane gav oss ein fantastisk kveld fylt av gjenkjenning og glede og eit repertoar med stor spennvidde og variasjon. Gjennom si eineståande utstråling av spele- og songglede samt humor fekk dei oss til både gråta og le, og me fekk oppleva kva ekte kunst kan gjera med oss. Me gjekk varme og oppløfta ut igjen i den vakre kvelden fylte av takksemnd og glede. Tusen, tusen takk både til utøvarane og temakveldgruppa som brakte denne sterke musikalske opplevinga til oss!



Hjelpsame hender i Herrens hus



Torbjørn Hovland

Kyrkja vår er eit gammalt hus, og gamle trehus må ha mykje tilsyn og vedlikehald. 21. mars var det dugnad både innvendig og utvendig. Vasking, støvtørking, og ein hekk som skulle flyttast. Kyrkja treng både falda hender og arbeidsnevar.

Dersom du har lyst og tid til å gje ei handsrekning, kan du sende ei melding til kyrkja@fitjar.kommune.no eller kontakte nokon av medlemmane i soknerådet.

Vårdag

H. K. Sunde

Eg såg den skapande hånd
i bjørka som spratt,
i graset som grodde
så tindrande grønt,
i lamma som leika på bøen,
i den solfylte bygda,
og i fjorden så drivande blå.

Eg såg den skapande ånd
ho låg over dagen,
og heile Guds verk.
Ho gav meg sin lyd
eg hørde ho så vel
frå fuglar som song.



Kyrkjelydsturen til Helgatun



Solfrid Sandvik Bø

I kveldinga, fyrste fredagen etter påske, vart matsalen på Helgatun (i Myrkdalen) fyllt av blide fitjarbuar. Me såg fram til snø, ski, god mat og å få vera saman med kjekke sambygdingar. Andeleg påfyll visste me også at me ville få.

"Yr" hadde lenge spådd regn og snø, men då laurdagen kom kunne me skunda oss ut til sol og vindstille. Slalåm, telemark, langrenn og akebrett. Og lang pause med god niste og kakao.

"Leirkvelden" innfridde forventningane, me fekk nyta god musikk, le og testa konkurranseinstinkta. Små, unge og vaksne var med og bidrog.

Søndagen starta med gudsteneste, der me fekk høyra om kva som skjedde påskedagane. Etterpå var det ut i snøveret.

Takk for ein veldig kjekk tur! Og velkomen til å bli med neste år! Dette kan anbefalast.



Konfirmasjon 9. og 10. mai



KONFIRMANT 2015

Konfirmasjon laurdag kl 11,00

Jonas Aleksandersen
Anette Skumsnes Drønen
Helene volden de Fine
Brede Ottesen Hovland
Morten Vedå Ivarsøy
Christina Ringheim Koløen
Ørjan Larsen
Rea Mitrovic
Marte Rimmereid
Markus Helland Tislevoll
Ailin Vik
Fredrik Vik

Konfirmasjon laurdag Kl. 13,00

Mette Caroline Alling
Chayenne Berntsen
Amalie Henriksen
Torstein Raunholm Kjelling
Frida Hatlevik Kjerland
Steffen Strand Korsnes
Matias Olsen Malkenes
Børge Hansen Skaar
Håkon Sørfonn
Lena Skålevik Tislevoll
Jonathan Tranøyy
Stine Volden
Arild Fitjar Waage
Torid Morsund Øygard

Konfirmasjon søndag kl. 11,00

Maria Helland Bergeland
Kari Lambach Fitjar
Siri Helle
Jon Andreas Aga Hopperstad
Mads Kjærland
Andreas Skålevik Koløen
Marie Bukkøy Langeland
Daniel Larsen
Andre Lønning
Jacob Mehammer
Sander Havn Nesbø
Martin Eggøy Nilsen
Kristian Prestbø
Svein Arne Jordan Raunholm
Marius Helland Storebø
Marius Hellen Strand
Malin Tislevoll
Markus Kongestøl Vik
Stina Vik

Bornas påskefest 19. april



Trusopplæringsgudsteneste.

Barnegospel song, prosten preika, førskuleborna fekk bok, og 8. klassingane leita etter spor etter Jesus.



Begge foto: Torbjørn Hovland



EL-PROFFEN

www.los-elektro.no
firmapost@los-elektro.no
53 42 21 00



J. FJELDTVEDT AS

DØR & VINDUSFABRIKK

TLF: 53 45 89 70 - Fax: 53 45 89 80
Internett: www.mestervindu.no

www.veterinaerslettebo.no



Ring for timebestilling

53 22 23 30 /
92 22 31 47

Åpningstider:

man-tor: 9.00-16.00
tir: 18.00-20.00



VETERINÆR SLETTEBØ AS



95871570 HANS



GSE SANDVIK AS

55 60 18 20



**FITJAR
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)

E-post:
fitjarcamping@haugnett.no



Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar

lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07
53 49 73 09

www.rydland.as post@rydland.as



No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER

Mån, tirs, fre: 9-16

Ons, tors: 9-18

Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90

Fiks frisyren
hos oss!

**AARBØ & KORSVIK
FORSKALING**

TLF:
916 46 123



GRØNAVIKJØ UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81



WWW.FITJARSOAP.NO

TELEFON: 41 27 03 21
POSTBOKS 11, 5418 FITJAR
FITJARSJØEN 12, 5419 FITJAR



STEINGARD AS

Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

SJØTROLL

Sjøtroll Havbruk AS
Vestbøstad - 5419 Fitjar
919 11 800

Vesthaugane

www.rasmusfitjar.no
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:
975 02381



Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no



FITJAR

småbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



53 45 72 00

53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS

Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S

NYBYGG –
REPARASJONAR –
MONTERING.



SLIPP INNTIL 80 FOT

Tlf. 534 97187 – 5419 Fitjar

SPAR



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

VB

VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15

Videoen Kiosk



Fitjar
FJORDHOTELL
Tlf. 53 45 77 00

Vågen's kro

48 04 19 09



Engevik & Tislevoll a.s

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Aarskog Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

ODDVAR VOLDEN

Transport – Kraning

5419 Fitjar

Tlf. 53497466 – mob 908 42414



AUTO SERVICE AS

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

Kirkens SOS



Sparebanken Vest

- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60

Visjonen til Bjørgvin bispedøme er: Saman vil vi ære Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.



Jordfeste

Torunn Anny Raunholm
f 02.03.1947 – d 31.03.2015
Lorents Eide
f 10.03.1926 – d 01.04.2015

Bli med på diakonitur i juni!

Øya Stord vert stundom omtala som Norge i miniatyr: Vakker natur med vatn, sjø og fjell, fleire bygdesentra og byen Stord. Dette vil me få eit glimt av på diakonituren tysdag 2. juni. I Nysæter kyrkje blir det andakt og song før bussen går vidare til Sunnhordland Museum. Der blir det

kaffipause og omvising. Etter ein liten rundtur med bussen får me servert middag med dessert og kaffi på Fjellstova.

Turen kostar ca. 600 kr og er open for alle. Bussen går frå sentrum (T. Træet) kl 10.00. Påmelding til kundetorget (tlf. 53458500) seinast 26.05.

Gudstenesteliste:

06.05 onsdag	18.00	Samtalegudsteneste, konfirmantane møter kl. 17.00 til fotografering, fest for konfirmantane med føresette etter gudstenesta.
09.05 Laurdag	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma m fl., takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
09.05 Laurdag	13.00	Konfirmasjonsgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma m fl., takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
10.05 6 søndag i påsketida	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma m fl., takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
14.05 Kristi himmelfartsdag	11.00	Venestemme Stranda bedehus, Olav Oma og Roald Evensen, matøkt, takkoffer til Indremisjonssamskipnaden.
17.05 17.mai		Familiegudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma m fl., takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
24.05 Pinsedag	11.00.	Høgtidsgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Israelsmisjonen.
25.05 2. pinsedag,	12.00	Friluftsgudsteneste ved Svartavatnet, hovedgudsteneste, ved sokneprest Olav J. Oma
28.05 Torsdag	20.00	Kveldsbøn
31.05 Treeinigsundag	11.00	Hovedgudsteneste ved vikar, takkoffer til Maritastiftelsen
07.06 2 søn i treeingtida	11.00	Hovedgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til Ungdom i Oppdrag
14.06 3 sit	11.00	Stranda bedehus, Strandamøte ved vikar
21.06 4 sit	11.00	Hovedgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet